

**Veglaget vegen Sanden–Mannal, «Millionvegne»**

201306917-20  
KV/LPH  
315

**Til Noregs vassdrags- og energidirektorat  
v/sakshandsamar Laila Pernine Høivik  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo**

**01.12.2016**

**Høyringsuttale til revisjon av konsesjonen for Sundsbarm kraftverk i Seljord kommune**

**Gjeld vegen Sanden–Mannal, «Millionvegne», og tilhøve i Sundsbarmvatnet**

**Innleiing**

Sundsbarm kraftverk fekk konsesjon til å regulere Sundsbarm-vassdraget i 1963. Reguleringa innebar å regulere vasstanden i Sundsbarm-magasinet 38 meter, ved å senke normal vasstand 18,6 meter til nedre kote 574,0 moh, og heve til øvre kote 612,0 moh.

Konsesjonsgrunnlaget den gong var å forsyne norske heimar og industri med vinterstraum, samle vatn gjennom sommaren og tappe om vinteren. Dette var grunnlaget for alle skjønne og reguleringar som blei gjort.

Ny teknologi har gjort om magasinet til effektkøyring, noko som fører til mykje større ulemper for grunneigarar, ålmenta og fisken i vatnet. I rapport frå Bergfald, Miljørådgivere, går det fram at Skagerak Energi har førebudd å installere maskiner som kan auke effekten med 100 MW, dobbelt så mykje som i dag. Dette vil bli lønsamt når kabel til Tyskland og England blir bygt, i fylgje rapporten.

Eit slikt anlegg kan fort ta svingingane i marknaden og Sundsbarm kan bli ei «batterikasse» for EU.

**Vegen Sanden–Mannal, Millionvegne**

Vegen er ein vilkårsveg, konsesjonsveg. I fylgje stortingsgruppa som var på synfaring ved anleggsvurdering var det naudsynt å byggje veg for å erstatte den nytte som vassvegen hadde sommar og vinter. (Båtfrakt og tømmerfløyting når vatnet var ope,

isvegar om vinteren.) Før oppdemminga var det stigar og hestevegar langs vatnet som folk frå Manndal og Langlim bruka om sommaren når dei skulle til Seljord i ymse ærend. Langs vatnet var det òg mange plasser og hytter, og ein gard i drift som blei heilt neddemt.

Etter at Millionvegen blei ferdig har han blitt mykje bruka av ålmenta, som trasé for skigåarar om vinteren og til sykling om sommaren. Nokre år køyrde Seljord IL løypemaskin etter vegen. Seljord kommune har gjeve tilskot til brøyting og parkering på Tresslandtippen i Kivledalen, utgangspunktet for skiløypene. Ved sol og fint vêr er det «fullt av folk» i området.

Sundsbarm kraftverk brukar vegen i samband med tilsyn av hovudluka, ca. 2 km inn frå bom Sanden.

Overskjønnet i 1967 påla Sundsbarm kraftverk å betale 10 000 kr i 5 år til sommar- og vintervedlikehald etter at vegen var ferdig. Konsesjonsvegen blei i brev 4.12.1974 stadfesta av Sundsbarm kraftverk for strekninga frå bommen ved Sanden til avkøyringa til båthuset ved Manndal dam, ca. 10 km.

Før dette, i 1973, privatiserte Sundsbarm kraftverk vegen rettsleg ved å tilbakeføre han til alle grunneigarane med gards- og bruksnummer. I tillegg til grunneigarane fekk nokre hytteigarar og setrar rett til å bruke vegen mot betaling.

Ingen ting står i denne avtala om at Sundsbarm kraftverk framleis må bruke vegen fram til hovudluka og tilsyn med dammar m.m. Dermed står Sundsbarm kraftverk utan vegrett og bruksrett til Millionvegen.

I 1993 skreiv Olav Haugen, dåverande leiar for veglaget, ei avtale med Sundsbarm kraftverk om eit årleg tilskot til vegen på 1 600 kroner, indeksregulert kvart 5. år. Ingen andre i veglagets styre eller vegeigarar var kjente med denne avtala. Ho finst heller ikkje i styrets papir. Noverande styre har fått kopi av avtal frå Sundsbarm kraftverk.

Sundsbarm kraftverk sitt tilskot til vegen:

1974–1978: kr 10 000 pr. år

1978–1993: kr 0

Frå 1993: kr 1 600 årleg, indeksregulert til kr 2 506 i 2016

I tillegg til dette blei det på 2000-talet køyrt på nokre lass grus i samband med dugnadsarbeid på vegen. Grunneigarane betalte grusen. I 2011 blei heile vegen grøfta, med eit tilskot på 10 000 kroner frå Sundsbarm kraftverk.

Til samanlikning peikar me på at det i samband med anlegget blei bygt veg frå Langlim til Gullnes, på andre sida av Sundsbarmvatnet. Dette var ikkje ein konsesjonsveg, men vegen fekk likevel eit årleg, indeksregulert tilskot på 3 000 kroner. I dag er tilskotet på ca. 25 000 kroner. Dette er ein veg der Sundsbarm kraftverk ikkje har nokon tekniske installasjonar, og dermed ingen bruk for.

Vegeigarane av Millionvegen har ut frå dette ei dårleg avtale med Sundsbarm kraftverk for den bruken kraftverket har for vegen. Ulempene er større enn fordelane. Veglaget vurderer derfor å seia opp avtala som Olav Haugen i si tid signerte med Sundsbarm kraftverk om deira bruk av vegen (i og med at kraftverket sidan 1973 ikkje er medeigar i vegen).

Veglagets krev at NVE og Seljord kommune skal påleggje kva beredskap og tilsyn Sundsbarm kraftverk skal ha til hovudluke og dammar, og syte for at det er riktige avtaler for tilskot for sommar- og vinterbruk av vegen.

### **Fiske**

Tunellen frå Liervatn har tilført tryte (åbor) til Sundsbarmvatnet, som no har blitt eit problem. Tryta gyter på grunnane om våren. Når vatnet stig aukar bestanden raskt.

Røya gyter på grunnane om hausten, og mykje av rognen blir tørrlagt når vatnet blir tappa ned.

Auren gyter på bekkane om hausten. Mange bekkeos rundt vatnet er fulle av brote, kvist, stuvar og anna rekved, som hindrar auren i å gå opp i bekkane.

Her må det stillast krav til regulanten om å regulere førekomsten av tryte (tiltak som verkar!). Rekved må bli rydda i bekkeos rundt vatnet for å gje auren gode gyteforhold.


### **Merking av skjer**

Det er viktig at alle skjer blir merkt fysisk, ikkje berre på kart, slik at ferdsel med båt blir sikrare. Som kjent er vatnet så stort at det er lovleg å ferdast med motorbåt.

### **Tilkomst til vatnet**

Mange av dei gamle vegane ned til vatnet har blitt vaska bort. Det er viktig at det blir gjort tiltak for trygge båtutsett fleire stader rundt vatnet.

Helsing, på vegne av veglaget for vegen Sanden–Manndal, Millionvegen

  
**Kjetil Sundvor Kvaale**

**Ola Hanssonsgate 4**

**3683 Notodden**

  
**Rune Gunnar Andersen**

**Gullnesvegen 38**

**3840 Seljord**

**Kopi til Seljord kommune**

**v/natur- og miljørådgjevar Torunn Raftevoll Rue**